Norwegian Centres of Expertise

# NCE Tourism Fjord Norway

Til partnerskapet

## Nyhetsbrev fra NCE Tourism

**Konferansen Fjord 2.0 som vart arrangert 19. november i Bergen markerte startskotet for NCE Tourism – Fjord Norway. Konferansen vart ein suksess med 240 deltakarar og me har fått mange gode tilbakemeldingar frå deltakarane!**

Fleire av dykk var tilstades og eg håpar de fekk utbytte både fagleg og sosialt. Dersom du gjekk glipp av konferansen eller ynskjer eit tilbakeblikk finn du film og kopi av dei fleste presentasjonane på nett.

### Fyrste generalforsamling

20. november gjennomførte me den fyrste generalforsamlinga. I tillegg til val av styringsgruppe vart det gitt generell orientering om NCE-prosjektet, presentert viktige erfaringar frå Innovativ Fjordturisme og me fekk innspel frå dei deltakande bedriftene på sentrale spørsmål for prosjektet. Desse innspela tek styret og prosjektleiinga med seg i det vidare arbeidet.

### Kontraktsperiode

Avtalen mellom NCE Tourism – Fjord Norway og sentraladministrasjonen vart signert i november. Prosjektet har fått formell oppstartsdato 1. oktober 2009 og fyrste kontraktperiode går dermed fram til 31. mars 2013. Me ynskjer å gjennomføra den fyrste årlege faktureringa til partnarskapet rett over nyttår. Det betyr at det siste kvartalet i 2009 vil bli fakturert som ein del av det siste halvåret i 2013.
Når det gjeld kontraktar, så er det fleire av dykk som vil få tilsendt kontrakt i posten i løpet av dei neste dagane. Det er også eit par nye som ynskjer å koma med der det formelle må på plass. Dette vil bli følgt opp fortløpande. Ta gjerne kontakt dersom du lurar på noko.

### Styret

På generalforsamlinga vart det også gjennomført val av styre for fyrste kontraktsperiode på 3,5 år. Styret er bredt samansatt med representantar frå dei ulike næringsklyngene og frå dei fire Vestlandsfylka. Styremedlemma representerer sin region og si næringsklynge på tvers av fylka.



**KJEKT Å VITE**

**STYRET**
- Dag Aksnes, styreleder (Avinor)
- Kristian B. Jørgensen (Fjord Norge)
- Bergljot Landstad (Vestlandsrådet)
- Elisabeth Skueland (Region Stavanger)
- Ingrid Færøyvik (Fjord 1)
- Sølvi Rolland (Ole Bull Scene)
- Truls Engstrøm (UiS)
- Ivar Petter Grøtte (Vestlandsforskning)
- Anne Stine Mathisen (Contrast Adventure)
- Sindre Mjelva (Hotel Union)

**VARAREPRESENTANTER**
- Jens Kristian Skrede (Destinasjon Stryn og Nordfjord)
- Nina Kramer Fromreide (Fjord Line)
- Thomas Thomassen (Operaen i Kristiansund)
- Per Berge (Voss Fjellandsby)
- Bjørn Moe (Mo Laksegård)

**RÅDGIVER & OBSERVATØR**
- Rolf Sandvik (SIVA)
- Åsne Folstad (Innovasjon Norge)

**PROGRAMRÅDET**
- Ole Svendgård

Norwegian Centres of Expertise

# NCE Tourism Fjord Norway



**KJEKT Å VITE**

**Hald deg oppdatert!**
Me har ei målsetjing om å sikra god kommunikasjon med partnarane i prosjektet! Hald deg oppdatert om relevante tema og aktiviteten i prosjektet på:

www.ncetourism.com

www.ncetourism.wordpress.com

www.twitter.com/ncetourism

www.facebook.com/ncetourism

*Begge foto:*
*Terje Rakke, Nordic Life*

Til partnerskapet s. 2

## Nyhetsbrev fra NCE Tourism

### Framdriftsplan

Tida fram til no har i stor grad gått med til rigging av organisasjonen og gjennomføring av konferansen Fjord 2.0. Prosjektleiarane jobbar sjølvsagt med fleire tiltak som vart initiert frå Innovativ Fjordturisme, men det er fyrst på nyåret me går i gang med den operative fasen for fullt!

Det er viktig å legga eit godt grunnlag tidleg i prosjektet, så prosjektleiinga vil ha fokus på å utarbeida eit grundig underlag i tida fram til det fyrste styremøtet 25. januar. Underlaget vil omfatta både overordna strategi og forslag til konkrete tiltak innanfor dei tre arbeidsområda produktutvikling, nye media og klyngeutvikling.

Me ynskjer i hovudsak å ha fokus på dei fire temasatsingane vinter, vandring, adventure og kunst og kultur, men tek også imot innspel til kva som bør vera dei to andre satsingane i prosjektet.

Dersom de har innspel til denne prosessen er det fint om de sender innspel på mail til underteikna, eller tek kontakt med styret sine representantar. De vil få tilsendt referat i etterkant av styremøtet.

### Prosjektleiinga

Ann-Margret Hauknes er ansatt som hovudprosjektleiar frå og med 1. mars, 2010. Anders Waage Nilsen og Kaia Finne vart ansatt som delprosjektleiarar 1. desember, 2009. Kaia Finne vil i perioden fram til 1. mars ha ansvaret som hovudprosjektleiar. Meir informasjon om prosjektleiinga og våre ansvarsområde finn du på www.ncetourism.com.

For å unngå alt for mykje reising det fyrste halvåret ynskjer me å legga flest mogleg møter og samlingar i tilknyting til regionale reiselivskonferansar. I den vedlagte kontaktlista finn de ei oversikt over desse samlingane. Meir informasjon om aktivitetar i 2010 vil bli ettersendt.

# PARTNERE PER DESEMBER, 2009

**Opplevelsesbedrifter**

Voss Fjellandsby AS
Voss Resort AS
Ski Sogn
Alpepasset
Heritage Adventures AS
Norway Active AS
Njord AS
DID Adventure
Contrast Adventure AS
EXIN.no AS
Lysefjorden Utvikling AS
Mo Laksegard AS
Finse 1222
Flåm Turistsenter AS
Breheimsenteret
Juvet Landskapshotell
Heggdal Fjord og Fiskeferie
Prosjekt Nordic Walking v/ Hotel Union og Geiranger Fjordservice
Fløibanen AS
SAKTE Aliansen - Aurland Næringshage
Opplev Odda
Norsk Villakssenter
Bærekraft piloten i Lærdal

**Kulturaktører**

Festspillene i Bergen
Fjellsportfestivalen AS
Operaen i Kristiansund AS
Fortidsminneforeningen avd. Borgund Stavkyrkje
Stiftelsen Molde International Jazz Festival, TB
Førde Int. Folkemusikkfestival
Hardangerlokk
Festival Voss BA
Ole Bull Scene
Mai Jazz
Bymuseet i Bergen

**Transport og overnatting**

Hurtigruten Group ASA
Fjord Line AS
Fjord 1 Fylkesbaatane/ Fjord 1 MRF
L Rødne & Sønner AS
Color Line AS
62 Nord AS
Fjord Tours AS
Avinor Bergen Lufthavn Flesland
Skyss AS
Flåm Utvikling AS/Aurland Ressursutv.
Norske Vandrerhjem Region Vest
Rica ASA
Stalheim Hotel
Grand Terminus/Augustin Hotel AS
Tide Reiser

**Klyngeaktører**

Fjord Norge AS
Bergen Reiselivslag
Visit Sognefjord AS
Region Stavanger BA
Reisemål Hardangerfjord AS
Destinasjon Ålesund & Sunnmøre
Destinasjon Geirangerfjord – Trollstigen AS
Destinasjon Kristiansund og Nordmøre AS
Destinasjon Molde & Romsdal AS
Aurland og Lærdal Reiselivslag
Reisemål Sunnfjord
Reisemål Ryfylke AS
Samarbeidsrådet for Sunnhordland
Destinasjon Voss AS
Destinasjon Haugesund & Haugalandet
Destinasjon Stryn & Nordfjord
Åndalsnes & Romsdal Reiselivslag

**FOU**

Universitetet i Stavanger
Høgskulen i Sogn og Fjordane
Norges Handelshøyskole
Høgskulen i Volda
Høgskolen i Bergen
Stiftelsen Norsk Sjømatsenter
Reaktor AS
Tellus IT AS
Synlighet AS
Fuglefjellet AS
Runde Miljøsenter
Høgskulen i Molde
Forskingssenter for Bærekraftig Reiseliv v/Vestlandsforsking og Høgskulen i Sogn og Fjordane

**Andre Partnere**

National Geographic Centre for Sustainable Destinations
Adventure Travel Trade Association
Den Norske Turistforening
Innovativ Fjellturisme AS
Destinasjon Geilo BA
Western Norway Film Commission
NHO Reiseliv
European Cruise Service

**Offentlige og Sparebanken Vest**

Sparebanken Vest
Rogaland Fylkeskommune
Hordaland Fylkeskommune
Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Møre og Romsdal Fylke (Fylkeskommune og Fylkesmann)
Fylkesmannen i Rogaland
Fylkesmannen i Hordaland
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane